
Saksnr: 2020/41675-9
Saksbehandlar Kari Louise Elster Moen
Dato: 14.05.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør Infrastruktur og veg - Dina Lefdal

Koronatiltak - Fritak frå avgift - Utleige av fortausareal til uteservering i Bergen sentrum

Vestland fylkeskommune sin praksis for 2020:

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har bestemt at fylkeskommunen legg seg på same praksis som Bergen kommune, slik at VLFK ikkje vil krevje inn leige for areal der fylkeskommunen har inngått avtale om utleige av areal til uteservering for sesongen 2020. Utleigesesongen går frå 01.04.2020 og vert avslutta 31.03.2021. Dette er eit tiltak for å lette situasjonen for føretak med uteservering som har fått restriksjonar og lågare inntening som følge av koronapandemien.

Bakgrunn:

Vestland fylkeskommune eig fortausareal som har vore nytta til uteservering. Det blir her vist til referatsak (sak nr. 15/2020) om uteservering i Bergen sentrum på fortau på fylkesveg på møte i hovedutval for samferdsel og mobilitet den 11.03.2020. Søknader om leige av areal til føremålet handsamar fylkeskommunen no sjølv, etter at Statens vegvesen som administrerte dette gjennom SAMS har hatt eit samarbeid med Bergen kommune.

I samband med koronapandemien har bystyret i Bergen 22.04.2020 gjeve fritak frå avgift for leige av areal til uteservering.

Opplysningar i saka:

Som ei lokal tiltakspakke under koronakrisa 2020 la byrådet fram forslag til tiltak for næringsliv, arbeidsplassar og økt aktivitet i sak 93/20 til Bergen bystyre.

Forslag om tiltak knytt til stader med uteservering er ført opp i **kapittel 2A tiltak nr .9:**

Gi fritak for avgift for uteservering på kommunal grunn For å hjelpe byens uteliv, gis det fritak for denne avgiften for 2020. Det er for 2020 budsjettert med 3,7 millioner i inntekter fra slike avtaler. Estimert kostnad 3,7 mill.

Sitat vedtaket frå bystyret:

Bergen bystyre behandlet saken i møtet 22.04.2020 sak 93/20 og fattet følgende vedtak:

Bystyret vedtar tiltak 1 - 17, referert i saksutredningens kapittel 2 A. Tiltakene utgjør sammen med tiltak I - VI i saksutredningens kapittel 2.B Bergen kommunes lokale tiltakspakke under koronakrisen i 2020.

Vidare frå saka til Bergen bystyre 22.04.2020, ei liste med tiltak, sitat frå byrådsaka:

Tiltakene byrådet lanserer kan deles inn i følgende undergrupper:

- *Tiltak som skal bidra/stimulere til etterspørsel og aktivitet i næringslivet gjennom økte midler til kommunale investeringer og vedlikehold.*

- *Tiltak som skal lette på likviditetssituasjon i form av betalingsutsettelse og -fritak fra avgifter og egenbetaling.*
- *Støtte-/stimuleringsmidler til næringslivet særlig rettet mot utsatte bransjer. Merk at det her legges opp til styrket samarbeid med næringsklynger og nettverksorganisasjoner, og ikke økonomisk kontantstøtte til enkeltbedrifter.*
- *Tiltak som skal bidra til at flest mulig er i arbeid; herunder at ingen kommunalt ansatte skal permitteres under koronakrisen, men heller omdisponeres til å utføre annet arbeid ved behov mens krisen pågår.*

Byrådet har vurdert dei økonomiske konsekvensane dette vil få for Bergen kommune og rår til at kommunen skal nytte Bergen kommune sitt disposisjonsfond til å dekke tapet.

Utleigesakene kjem inn under andre kulepunkt. Det vert og gjeve fritak for skjenke/bevillingsgebyr for 2020 dersom bystyret vedtar dette.

Vidare står det i saka om byrådet si grunngjeving:

Etter at regjeringen har lansert flere krisepakker, ser byrådet behov for å lansere en supplerende lokal tiltakspakke, for å lette byrdene særlig for de mest rammede delene av næringslivet i Bergensområdet. Koronakrisen har gitt dramatiske konsekvenser for blant annet reiseliv, oljeservice og varehandel. Mange små og mellomstore bedrifter er særlig utsatt. Ved utformingen av den lokale tiltakspakken har byrådet vært i dialog med lokalt næringsliv og arbeidstakerorganisasjoner, og tiltakene som lanseres svarer på behov vi har fått kjennskap til gjennom denne dialogen.

Vestland fylkeskommune sin praksis for 2020:

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har bestemt at fylkeskommunen legg seg på same praksis som Bergen kommune, slik at VLFK ikkje vil krevje inn leige for areal der fylkeskommunen har inngått avtale om utleige av areal til uteservering for sesongen 2020. Utleigesesongen går frå 01.04.2020 og vert avslutta 31.03.2021.